



Planstrategi 2016 - 2019

ME LØFTER I LAG



Innhald

1. Kommunal planstrategi.....	3
2.1 Visjon og verdier	4
2.2 Samfunnsdel.....	4
2.3 Arealdel.....	4
3. Utviklingstrekk etter 2014	6
3.1 Folketalsutvikling fram til 2016.....	6
3.2 Folketalsutvikling fram mot 2028	7
4. Viktige utfordringar fram mot 2019	13
4.1 Kommuneplanen.....	14
4.2 Klima, miljø og energi	15
4.3 Utfordringar innan dei enkelte tenesteområda.....	15
5. Nasjonale forventningar til kommunane	21
5.1 Gode og effektive planprosessar	21
5.2 Berekraftig areal- og samfunnsutvikling.....	21
5.3 Attraktive og klimavennlige by- og tettstadsområde	21
6. Regional planstrategi.....	22
7. Nabokommunar	23
8. Vurdering	24
8.1 Folkevekst og kommuneplanens arealdel	24
8.2 Klima- og energi.....	27
8.3 Dei enkelte tenesteområda.....	27
8.4 Oppfølging av nasjonale og regionale forventningar	29
8.5 Regionale føringar	31
9. Planstrategi 2016-2019	32
9.1 Kommuneplan.....	32
9.2 Andre temaplanar	33
9.3 Reguleringsplanar.....	34
9.4 Tabelloversikt planar med prioritering.....	35
Vedlegg 1. Alternative prognosar	36

Fotografia er av Woldcam, Anne Lise Norheim og Tord Paulsen.

1. Kommunal planstrategi


Etter plan- og bygningslova § 10-1 skal kommunal planstrategi innehalde:

Ei drøfting av kommunens strategiske val for samfunnsutviklinga med vurdering av konsekvensar for:

- *langsiktig arealbruk*
- *miljøutfordringar*
- *aktiviteten i dei enkelte kommunale sektorane*
- *planbehov, dvs. eventuell revisjon av kommuneplanen og behov for andre planar.*

Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan. Kommunal planstrategi er følgjeleg ikkje ein arena for å vedta nye mål og strategiar for utviklinga i kommunen. I planstrategidokumentet skal ein drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon som grunnlag for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden. Gjennom planstrategien kan kommunestyret prioritere overordna planarbeide og gje føringar for kommande kommuneplanrevisjon.

Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet



2. Kommuneplan for Hå 2014 – 2028

Kommunestyret vedtok *Kommuneplan for Hå 2014 - 2028* den 10. desember 2014 i sak 073/14. Kommuneplanen har etter det verka i halvtanna år. Det kan vere grunn til å peike på enkelte element i planen.

2.1 Visjon og verdier

Sidan visjonen ***Me løfter i lag*** blei vedtatt i desember 2014 som del av kommuneplanen, har administrasjonen jobba mykje med organisasjonsbygging og -utvikling. Arbeid på tvers i heile organisasjonen har stått sentralt. Visjonen har «sett seg». Verdiane ***open, driftig og stolt*** blir gitt meir og meir innhald etter kvart som dei vert brukt, og er eit godt og nyttig verktøy for å bygge den organisasjonskulturen vi ønskjer. Hå har med dette blitt meir synleg både lokalt og regionalt med ein sterk identitet knyta til kommunevåpenet og steinbukken. Arbeidet med visjon og verdier er eit kontinuerlig arbeid i heile organisasjonen.

2.2 Samfunnsdel

Hovudmålet for samfunnsutviklinga i kommunen er:

- *å legge til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det blir tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap*

Strategiane som er formulerte for å nå dette målet er:

- *detaljering av langsiktig grense mellom tettstadsutvikling og landbruk*
- *konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka*
- *ta omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskapet*

I tillegg er det mål og strategiar som går på tenestekområda og kommunen som organisasjon. Desse er vidare konkretiserte i ei rekke andre planar som inneheld meir detaljerte utviklingsmål og handlingsplanar.

2.3 Arealdel

Arealdelen er juridisk bindande for arealutnytting og utbygging i kommunen.

Kommuneplanen skal gjelde for perioden fram til 2028. For enkelte tema er det lagt til grunn eit 40-års perspektiv, for eksempel i vurderinga av langsiktig arealbruk. Sentrale element i den vedtekne kommuneplanen er:

- Sterk folkevekst, med ca. 2,1 % vekst per år, stigande frå 17 635 innbyggjarar i 2011 til 24 660 i 2028.
- Det vart trekt langsiktige grenser mellom Nærbø, Varhaug og Vigrestad og omkringliggjande landbruksareal gjeldande i eit 40-års perspektiv.



- Nye omkøyringsvegløysingar rundt Nærbø, Brusand/Stokkalandsmarka og delvis rundt Vigrestad vart lagt inn med rettsverknad.
- Tilrettelegging for bygging av 166 bustadar per år.
- Redusert utbygging med sterk vekt på fortetting i Nærbø, Varhaug og Vigrestad. Sterk satsing på Stokkalandsmarka med 54 bustadar per år.
- Nye føresegner med m.a. reglar om leike- og friområder, parkeringsnorm, hyttebygging, bygging i LNF-områda mm.

Hå kommune utarbeidde kommuneplanen i ein periode med historisk høg vekst. Høg vekst skapar store endringar og legg press på kommunen sine økonomiske ressursar, og på miljø og areal i tettstadene. Kommuneplanen handlar om kommunen sine langsiktige utfordringar, overordna mål og strategiar for ein 14-årsperiode. Planen er eit overordna politisk styringsdokument som skal leggest til grunn ved planlegging og utbygging i kommunen.

2.4 Handlingsdel

Dei fire-årige økonomiplanane utgjør saman med årsbudsjettet kommuneplanens handlingsdel. Økonomiplanen saman med neste års budsjett blir vedtatt av kommunestyret kvart år i desember og inneheld ei konkretisering og prioritering av drifts- og tenestetilbod og gjennomføring av nye tiltak i komande fireårsperiode.

3. Utviklingstrekk etter 2014

Utforminga av kommuneplanen bygger på den utviklinga som hadde vore i kommunen dei siste åra kombinert med SSB si framskriving av utviklinga. Framskriving av folketalet vart basert på SSB sitt midlare alternativ (MMMM) med ei mindre justering basert på lokal prognosetilpassing.

Folketalsutvikling og bustadbygging i kommunen i det halvanna året som er gått sidan vedtaket av kommuneplanen, har ikkje samsvara med føresetnadane i planen. Folkeveksten i 2015 var på 0,3 %. Det vart godkjent 99 nye bustadar. Av 32 nye einebustadtomter i Stokklandsmarka som vart gjort byggjeklare hausten 2015, er til nå 3 selde.

Tendensen til markert lågare vekst i bustadbygging og folkevekst er tydeleg også i første del av 2016.


3.1 Folketalsutvikling fram til 2016

Folketalet i Hå nådde 18 591 ved årsskiftet 2015 - 2016 etter ein auke i 2015 på 63 personar, noko som tilsvara 0,3 prosent vekst. Veksten er vesentleg lågare enn dei føregåande åra, på grunn av negativ nettoinnflytting.

Dei siste ti åra har Hå opplevd ein svært høg folkevekst, og kommunen runda 18 000 innbyggjarar i 2013. Folkeauken har vore spesielt høg fram til 2015. Frå 1. januar 2010 til 31. desember 2014 auka folketalet med 2 186 personar. Folkeauken svara til om lag 2,5 prosent eller gjennomsnittleg 437 personar i året. Hovudårsaka til den sterke veksten var stor innvandring frå utlandet, innanlands innflytting og høgt fødselsoverskot.

Veksten dei siste 1 – 2 åra har vore vesentleg lågare.

Figur 2. Folketalsutvikling, folkemengd 1. januar 1964 – 2016.



Aldersfordelinga i befolkninga har halde seg stabil. Ved årsskiftet var 9 prosent av alle busette i Hå barn under 6 år, mens 14 prosent var 6 til 15 år og 6 prosent 16 til 19 år. 60 prosent av dei busette i Hå var i alderen 20 til 66, mens 8 prosent var i alderen 67-79 år. Dei på 80 og eldre utgjorde 3 prosent av folkemengda.

Tabell 1. Folkemengd 1. januar etter alder 2012-2016

folkemengd 1. januar	2012	2013	2014	2015	2016	Endring
0 år	312	284	279	291	262	-29
1-5 år	1 394	1 491	1 538	1 538	1 504	-34
6-12 år	1 728	1 743	1 799	1 860	1 931	71
13-15 år	819	790	780	743	753	10
16-19 år	999	1 042	1 059	1 076	1 043	-33
20-44 år	6 122	6 272	6 464	6 641	6 587	-54
45-66 år	4 117	4 185	4 322	4 430	4 494	64
67-79 år	1 171	1 235	1 285	1 361	1 420	59
80-89 år	462	456	446	449	460	11
90 år eller eldre	120	137	143	139	137	-2
	17 244	17 635	18 115	18 528	18 591	63

Størst auke i talet på barneskulebarn

Talet på 0-åringar minka med 29 frå 2015 til 2016, frå 291 til 262. Talet på barnehagebarn minka med 34 barn, mens talet på skulebarn auka. Det var auke i talet på barneskulebarn på 71 personar frå 2015 til 2016, mens ungdomstrinnet auka med 10 frå 2015 til 2016. Store svingingar mellom enkeltår for desse aldersgruppene er normalt. Det var ein vekst i den yrkesaktive delen av befolkninga på 10 personar. Talet på eldre 67 til 79 har auka med 59 personar, mens talet på personar over 80 år har auka med 9 personar.

3.2 Folketalsutvikling fram mot 2028

Kommuneplanen 2014 – 2028 legg opp til ei befolkningsutvikling som tar utgangspunkt i Statistisk sentralbyrået sitt hovudalternativ for framskriving av folkemengd (frå juni 2012). Hovudalternativet, kalla MMMM, legg til grunn middels fruktbarheit, middels levealder, middels innanlandsk mobilitet og middels innvandring. Framskrivinga gjort i kommuneplanen viste at folketalet ville auke frå 18 528 per 1. januar 2015 til 24 660 per 31. desember 2028. Det tilsvarar ein folkevekst på 6 132 innbyggjarar. Folkeauken tilsvarar ein gjennomsnittleg vekst på ca 2,1 prosent eller 438 personar i året.

Etter fleire år med høg vekst er det enkelte teikn som tyder på at denne veksten går noko ned. Det vil vere fleire usikre faktorar når ein skal prøve å framskrive folketalet. Endringane i bustadbygging og folketalsutvikling dei siste 1 – 2 åra er førebels eit for spinkelt grunnlag til å trekke meir langsiktige og bastante konklusjonar for utviklinga i åra framover.

SSB vil i midten av juni kome med nye og justerte prognosar for folketalsutviklinga på kommunenivå. Desse kjem for seint til å kunne vurderast i denne saka. For likevel å kunne vurderer spennvidda i dei utviklingsmuligheitene ein nå kan sjå for seg i åra framover, har

rådmannen utarbeida fire ulike prognosealternativ for folketalsutviklinga fram til 2028 og samanlikna desse med det prognosealternativet som låg til grunn for kommuneplanen i desember 2014. Følgjande prognosealternativ føreligg då:

Alternativ 0: MMMM (Kommuneplan 2014 – 2028). Framskrivinga gjer ein gjennomsnittleg folkevekst på om lag 2.1 prosent eller 438 personar i året. Innbyggjartal per 31. desember 2028 er 24 660.


Alternativ 1: MMMM (2016). SSB sine modeller for framskriving av folkemengd blir omstrukturert anna kvart år. Veksten er blitt justert ned, i hovudsak på grunn av lågare nettoflytting. Framskrivinga gjer ein gjennomsnittleg vekst på om lag 1,5 prosent eller 298 personar i året. Innbyggjartal per 31. desember 2028 er 22 702.

Alternativ 2: Redusert bustadbygging. Tek utgangspunkt i MMMM (2016), men med føresetnad om lågare bustadbygging fram til 2020. Framskrivinga gjer ein gjennomsnittleg vekst på om lag 1 prosent eller 171 personar i året. Innbyggjartal per 31. desember 2028 er 21 428.

Alternativ 3: Naturleg folkevekst. Naturlig tilvekst legg til grunn ei auke i folketallet som er lik naturleg tilvekst (det vil seie fødde minus døde er lik fødselsoverskotet i SSB tabellar). Vidare føreset framskrivinga at netto inn- eller utflytting frå kommunen går i null. Framskrivinga gjer ein gjennomsnittleg vekst på om lag 0,7 prosent eller 142 personar i året. Innbyggjartal per 31. desember 2028 er 20 511.

Figurane under viser alternativa 0 – 3, også vidareført heilt fram til 2040.

Figur 3. Prognosar for folketalsutviklinga i Hå 2028 og 2040, alternativ 0 til 3.



3.2.1 Generelt


Dei ulike prognosealternativa er utarbeida for å illustrera den usikkerheiten som er for folketalsutviklinga i kommunen framover. Legg ein til grunn kommuneplanens alternativ (alternativ 0), vil folketallet i 2028 vere 24 660, mens det vil vere 29 351 i 2040. Med ei framskriving basert på «naturleg tilvekst» det vil seie nettoflytting er lik 0, vil tala tilsvarande vere 20 511 i 2028 og 21 21 819 i 2040, det vil seie 4 149 færre enn kommuneplanens prognose for 2028. I alt. 0 aukar folketallet fram til 2028 med 6 069 og med 11 191 fram til 2040. I alternativ 3 blir auken til 2028 på 1 920, mens den fram til 2040 blir på 3 228.

I figurane som følgjer er utviklinga for ulike aldersgrupper stilt saman for dei ulike prognosealternativa. I vedlegg bak i dokumentet er det vist tabellar over utviklinga av dei ulike aldersgruppene samanlikna med 0-alternativet (det vil seie prognose lagt til grunn i kommuneplanen).

3.2.2 Aldersgruppe 1 – 5 år.

Dette er den aldersgruppa som gir grunnlaget for barnehagebehovet.

Figur 4. Aldersgruppe 1 til 5 år




For alternativ 1. MMMM (2016) vil det bli 170 færre born i aldersgruppa 1 til 5 år i 2028 samanlikna med kommuneplanens føresetnad (alternativ 0). Tilsvarande vil det for alternativ 2. Redusert bustadbygging i 5 år vil det blir 302 færre born i aldersgruppa 1 til 5 år i 2028 samanlikna med kommuneplanens føresetnad (alternativ 0). I alternativ 3. Naturlege vekst vil det være 438 færre born i aldersgruppa 1 til 5 år.

3.2.3 Aldersgruppa 6 – 15 år

Dette viser talet på born i skulepliktig alder.


Figur 5. Aldersgruppe 6 til 15 år



For alternativ 1. MMMM (2016) blir det 212 færre born i aldersgruppa 6 til 15 år samanlikna med kommuneplanens framskriving i 2028. Av dette er 172 færre i aldersgruppa 6 til 12 år og 40 færre i aldersgruppa 13 til 15 år. I alternativ 2. Redusert bustadbygging vil det bli 443 færre born i skulealder. Det fordeler seg med 349 færre i aldersgruppa 6 til 12 år og 94 færre i aldersgruppa 13 til 14 år. I alternativ 3. Naturleg vekst vil det bli 561 færre born i aldersgruppa 6 til 15 år. Av dette vil det være 448 færre i aldersgruppa 6 til 12 år og 113 færre i aldersgruppa 13 til 15 år.

3.2.4 Aldersgruppa 20 – 66 år


Figur 6. Aldersgruppe 20 til 66 år



Aldersgruppa 20 til 66 år er den delen som ein vanleg reknar som den yrkesaktive delen av innbyggjarane. Utviklinga her er jamnare enn i dei yngre aldersgruppene. Det er likevel vert å merka at det i 2028, det vil seie 12 år fram i tid, er ein forskjell på heile 2750 mellom høgaste (alternativ 1. Kommuneplan 2014-2028) og det lågaste (Naturleg vekst).

3.2.5 Aldersgruppa 67 år og over

Figur 7. Aldersgruppe 67 år og over



Også for aldersgruppa over 66 år er det for alle alternativa ein jamn vekst. Forskjellen mellom høgaste og lågaste alternativ i 2028 er på 138. Det som kan vere verdt å legge merke til er at for alle alternativ 1 til 3 er ca. 15 færre personar på 90 år og meir

3.2.6 Vurdering

Kommuneplanen er basert på ei vidareføring av ein sterk vekst i folketalet dei siste føregåande åra. Utviklinga i 2015 og første del av 2016 viser ein vesentleg redusert vekst samanlikna med dette.

Ei endra utvikling i halvtanna år er eit spinkelt grunnlag for ei omlegging av kommuneplanens utviklingsmål. Også dei føregåande åra har det vore store variasjonar i folkeveksten frå år til år. Skal vekstmåla i kommuneplanen endrast bør dette bygge på utviklinga over ein lenger periode og kor tendensar kjem tydelegare fram.

Det som likevel er verdt å merka seg, er den verknaden sjølv ein liten reduksjon i veksten kan få for ulike aldersgrupper. Alle alternativa viser til dømes at talet på personar på 90 år og over blir redusert med ca. 15 i 2028. Utslaget for barn i barnhage- og skulealder er og merkbart. Skulle ein hamne på ein «naturleg vekst», det vil seie om lag 0,7 prosent årleg vekst, vil talet på barnehagebarn vere 439 lågare enn det som er lagt til grunn i kommuneplanen i 2028. Tilsvarende vil det verte 561 færre skulebarn dette året.

Ein førebels konklusjon blir derfor at den reduserte folkeveksten i 2015, og til nå i 2016, er eit for spinkelt grunnlag til allereie nå å endre kommuneplanens føresetnader. Det er likevel slik at det ved utarbeiding av sektor- og temaplanar bør gjerast ei konkret vurdering på om ei justert folketalsutvikling skal leggjast til grunn for desse meir kortsiktige planane.



4. Viktige utfordringar fram mot 2019

Utanom dei nye føresetnadane som kan ligge i endra folkevekst, er det både i kommuneplanen og i andre kommunale, statlege og fylkeskommunale vedtak lagt føringar som påverkar det kommunale planbehovet.

4.1 Kommuneplanen

Innan areal og transport er det fleire store planoppgåver som enten alt er starta opp eller som det er gjort vedtak om skal gjennomførast.

4.1.1 Areal og transport

Omkøyringsveg Varhaug

Under kapittel 12.2 *Transport* i kommuneplanen står det om omkøyringsveg på Varhaug:

Også Buevegen (fv 504) som i dag går gjennom Varhaug skapar trafikale og miljømessige utfordringar. Kommunen vil derfor ved komande planrevisjonar vurdere alternative vegtrasear lagt utanfor tettstaden.

Omkøyringsveg Vigrestad

Under den politiske sluttbehandlinga av kommuneplanen vart spørsmålet om forlenging av omkøyringsvegen aust og sør for Vigrestad fram til Haugstadvegen, vurdert. Etter at problemstillinga var drøfta med m.a. fylkesmannen, vart denne delen av omkøyringsvegen ikkje tatt med i endeleg plandokument. Det vart likevel lagt til grunn at spørsmålet skulle vurderast ved neste revisjon av kommuneplanen.

Jærbanen

Etter at kommuneplanen vart godkjent, har Jernbaneverket utarbeida ein såkalla silingsrapport for val av trase for nytt dobbelspor på Jærbanen frå Sandnes til Nærbø. Rapporten er sendt departementet til vurdering. I utkast til NTP for perioden 2018 – 2029 er likevel ikkje bygging av dobbelsporet prioritert for oppstart før mot slutten av perioden og då bare om høgt investeringsalternativ blir vald.

E39

Bygging av ny firefelts E39 mellom Ålgård og Kristiansand er lagt inn i portefølgen til Nye Vegar AS. Ein eigen prosjektorganisasjon knyta til vegkontoret i Vest-Agder arbeidar med utkast til kommunedelplan for vegstrekinga. Opprinneleg framdriftsplan la til grunn vedtak av kommunedelplan i april 2017. Justert framdriftsplan tilseier nå at kommunedelplanen skal endeleg godkjennast hausten 2017. Nye Vegar AS skal etter det overta prosjektet for gjennomføring.

Utbyggingspakke Jæren

Rogaland fylkeskommune i lag med kommunane Klepp, Time og Hå arbeidar med å konkretisere opplegget for ein Utbyggingspakke Jæren for finansiering og bygging av viktige transportanlegg innafor dei tre deltakarkommunane. For Hå inngår m.a. ei oppgradering av fv 504, Buevegen frå fv 44 til E39, ny omkøyringsveg nord for Brusand som også skal bli

hovudatkomst til Stokkalandsmarka (fv 133) og samanhengande gang- og sykkelveg langs fv 44 sør til Sirevåg i prosjektpakken.

4.1.2 Sentrumsplanar

Den 26.04.2016 vedtok kommuneplanutvalet å legge utkast til planprogram for ny kommunedelplan for Nærbø sentrum ut til offentleg ettersyn. Dette planarbeidet vil vere omfattande, men det er etter kvart meininga å utarbeida tilsvarande sentrumsplanar for Varhaug og Vigrestad.

4.1.3 Heilskapleg ROS-analyse

Hå kommune har både hatt beredskapsøvingar og konkrete hendingar (flaum Vigrestad/Brusand i august 2014) kor beredskapsplanar og krisehandtering er blitt sett på prøve. Kommunen har fått positiv omtale for handlekraft og krisehandtering, men det er også avdekkja og påpeika manglar ved den overordna ROS-analysen for kommunen.

Alle kommunar har plikt til å gjennomføre heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysar. Ein kan aldri vite når uønska hendingar kan ramme kommunen og innbyggjarane, men når det skjer skal kommunen vere førebudd. Heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysar er grunnlaget for kommunens heilskapelege og systematiske arbeid med samfunnssikkerheit.

Klimatilpassing er nødvendig for å kunne møte framtidige klimaendringar og for å kunne stå imot dagens ekstremver. Det er utarbeida ein eigen rapport over konsekvensar av ekstremnedbør med forslag til avbøtande tiltak. Det må arbeidast vidare med å integrera klimatilpassing i alle delar av kommunens planlegging.

4.2 Klima, miljø og energi

Paris-avtalen om klima vart undertekna den 12.12.2015, Avtalen vil tre i kraft når minst 55 partar, som representerer minst 55 prosent av dei globale utsleppa, har ratifisert avtalen, tidlegast i 2020. I Noreg vil venteleg Stortinget ratifisere avtalen før sommarferien i år.

Paris-avtalen er den første rettsleg bindande klimaavtale med reell global deltaking frå alle land. Alle land har plikter og rettigheter i den nye avtalen. Alle land skal ha utsleppsmål og rapportere på desse. Avtalen vil bidra til auka innsats når det gjeld utsleppsreduksjonar, og forsterke arbeidet med klimatilpassingar. Den gir ei klar retning for framtidig klimaarbeid og inneheld reglar som gjer at innsatsen vil bli styrka over tid.

Det overordna målet er å avgrensa den globale oppvarminga til «godt under 2 grader». Alle land skal utarbeide nasjonale utsleppsmål. På internasjonalt plan vil det framover bli gjennomført samtalar og forhandlingar for å konkretisere detaljane i Paris-avtalen.

4.3 Utfordringar innan dei enkelte tenesteområda

4.3.1 Tenesteområdet tekniske saker og næring

Hovudutfordringane innan tenesteområdet tekniske saker og næring i inneverande kommunestyreperiode er knyta til utviklinga av kommunen i samsvar med utbyggingsplanen; med overordna infrastrukturtiltak, flaumsikring og oppfølging av klima- og energiplanen. Det

skal utarbeidast sentrumsplan for Nærbø, med stor vekt på å oppnå ein god planprosess med godt engasjement og involvering. Det ligg også ei utfordring i å oppnå forventa sal av bustad- og næringstomter. Andre viktige tema er:

Landbruk

Hå kommune er ein av landets største landbrukskommunar. Med utgangspunkt i dei nasjonale måla for landbruksnæringa er det viktig at kommunen formulerer eigne mål for korleis landbruket i kommunen skal utviklast vidare, korleis arealressursane bør forvaltast og korleis arbeidsplassar kan skapast

Brannvern

Brannvernet og krava til det endrar seg i takt med folkeauken. Ein ekstern konsulent har i ein eigen rapport vurdert organisering og dimensjonering av brannvernet og kome med forslag til ny brannordning for kommunen. Spørsmålet om eventuelt samarbeid med andre brannvern er også vurdert.

Vassforsyning, avløp og overvatn

Vassforsyning, kloakk og overvatn vil utgjere eit utfordrande område i åra framover. Sikker vassforsyning er viktig, kanskje særleg for den store næringsmiddelindustrien i kommunen. Endringane i nedbørsmønster har gitt kommunen vesentlege utfordringar når det gjeld handtering av overvatn. Overvass-systemet må oppdimensjonerast og det må gjennomførast tiltak for å handtere flaumsituasjonar.

4.3.2 Tenesteområdet opplæring og kultur

Dei største utfordringane innan tenesteområdet vil fortsatt vere å skaffe nok utdanna pedagogar og spesialpedagogar både i barnehage og skule. Ut frå kostratal for 2015 kan vi lese at barnehagane mangla om lag 20 pedagogar med formell kompetanse i pedagogikk. I tillegg er spesialpedagogar ein etterspurd kompetanse i barnehagane. Innafor skulen er dette også ei utfordring. Ved skulestart i 2015 var det 19 utan godkjent utdanning i lærarstillingar, om lag 14 årsverk. Det betyr ikkje at dei er heilt utan formell utdanning, men at dei til dømes manglar pedagogisk kompetanse.

Den raske utbygginga i kommunen er utfordrande i forhold til å skape gode og stabile oppvekstmiljø for barn og unge. Auka innvandring og fleire flyktningar er og ei utfordring for både skule og fritid. Arbeidet med å styrke kompetansen kring fleirkulturelt mangfald og legge til rette for språkopplæring blir stadig viktigare. Vi må fortsatt legge vekt på å utvikle nærmiljø som gir gode kulturelle og sosiale nettverk. Derfor er det viktig at ein held fram med den gode kombinasjonen mellom kommunale tiltak og dei mange frivillige som legg ned ein stor dugnadsinnsats gjennom arbeid i lag og foreiningar.

Det er knyta stor usikkerheit til prognosar for folketal, både for barnehagebarn og skuleelevar. Saman med eit visst behov for utbetring og oppgradering av eksisterande bygningsmasse, viser det at det er naudsynt å revidere både «Barnehagebruksplan» og «Skulebruksplan» hausten 2016. I åra som kjem vil det mest sannsynleg være hyppig nok at skulebruksplanen blir revidert kvart fjerde år, mens barnhagebruksplanen blir revidert annakvart år.

Våren 2016 blir «Kvalitetsplan for barnehagane» i Hå ferdigstilt. Dette er ein kvalitetsplan som strekker seg over fire år, 2016 - 2019. Her er det lagt opp til eit nytt fokusområde kvart år. Det blir lagt opp til at planen skal bli evaluert og revidert våren 2018.

Kommunestyret vedtok våren 2016 at det skulle bli utarbeida ein tiltaksplan for skule. Det var særskilt resultata på nasjonale prøvar (lesing) og elevundersøkinga (trivsel og motivasjon) som danna grunnlaget for uroa. Tiltaksplanen er ferdigstilt i juni 2016. I forlenginga av denne ønskjer administrasjonen å lage ein plan for «Kvalitetsplan for skulane» i løpet av 2016 - 2017.

Kulturminnevernet står sterkt i Hå. Gjeldande «Kulturminnevernplan for Hå kommune» blei vedtatt i 2005, og skulle etter planen bli revidert i 2016. Dette arbeidet er nå godt i gang og er planlagt ferdigstilt hausten 2016.

4.3.3 Tenesteområde helse og sosial

I denne kommunestyreperioden er dei viktigaste problemstillingane innan helse og sosial:

Arbeidsmarknaden

Arbeidsløysa er dobla sidan 2014. Kommunen har ennå ikkje møtt full effekt på sosialhjelpsbudsjettet fordi vi i to år har dagpengar frå det statlege NAV -systemet. Likevel auka sosialhjelpsutbetalingane med over 3 mill. kroner i 2015 og ligg ann til ein ytterlegare auke på 2 mill. kroner i 2016. Den strategien som er lagt, er å få fleste muleg ut i aktivitet. Spesielt viktig er det å prioritere dei unge som ofte er utan yrkeserfaring og få dei enten tilbake til skulebenken eller ut i praksisplass. Kvalifiseringsordninga vil vere eit viktig verkemiddel. Det er ikkje behov for utarbeiding av nye planar for dette område i denne perioden.

Integrering av flyktingar

Hå kommune skal ta imot mange flyktingar årleg dei neste åra. Desse skal integrerast i ein utfordrande arbeidsmarknad. Kommunen har etter integreringsrapporten i fjor sett i gang med ei omlegging av integreringsarbeidet. Ein tar sikte på å få alle, som ikkje er kandidatar for vidare studiar, inn i ein praksisplass i arbeidslivet. Det er ikkje behov for utarbeiding av nye planar for dette område i denne perioden.

Frivillig arbeid

Det er ei aukande forventning blant innbyggjarane om at kommunen er ansvarleg for deira liv. Den nye helse- og omsorgstenestelova stadfestar ein rett til eit verdig liv. Det er behov for strategiar som kan utfylle dei kommunale tenestane innan helse og sosial. Eit utvida samarbeid med frivillig sektor kan her vere ein muligheit som bør vurderast nærare.

Helse- og sosialbygg

Hå kommune har i dag ein bygningsmasse innan tenesteområdet helse og sosial på ca. 40 000 m². Den bygningsmessige kvaliteten er dårleg på ei rekke av bygga. Det er eit behov for å kartlegge tilstand og å legge ein plan for vedlikehaldet av dei ulike helsebygga.

Det er i dag ikkje ein samla plan for utbygging av bygg for helse- og sosialtenester i kommunen tilsvarande det som er innan skule- og barnehageområdet. Som for desse bygga bør det utarbeidast ein samla strategi for utviklinga av helse- og sosialtenestene med

påfølgande behov for lokalar. Det må i den samanheng vurderast om det i planarbeidet skal leggjast til grunn alternativ folkevekst og med det alternativt utbyggingsbehov.

Omsorg

Omsorgsplanen omfattar ei rekke fagplanar som blei vedtatt i perioden desember 2014 til våren 2015. På det noverande tidspunkt er det ikkje noko som tilseier at denne planen må rullerast i inneverande periode. Nogjeldande *Omsorgsplan* kan forlengast inn i neste kommunestyreperiode.

4.3.4 Folkehelse

Hå har alt sett under eitt ei god folkehelse, og har mykje å vere fornøgde med. Med bakgrunn i Hå kommune sin Folkehelseplan 2015-2019 er kommunen sine hovudutfordringar samla under følgjande tema: oppvekst og opplæring, helsevanar og psykiske lidingar.

Oppvekst og opplæring

Det å vekse opp i lokalsamfunn prega av fellesskap, sosial samhandling og organisasjonsaktivitet fremjar psykisk helse blant barn og unge. For sårbare grupper som har mindre nettverk utanfor heimen, er det særleg viktig å kjenne at ein høyrer til i nabolaget.

Barnehagane har ein gunstig effekt på den språklege og sosiale utviklinga til barn. Særleg for barn frå familiar med låg sosioøkonomisk status og innvandrarbakgrunn er barnehagen viktig. Barnehagen kan vere ein arena for å utjamne sosiale helseforskjellar. Kvaliteten på barnehagane er vesentleg.

Trivsel på skulen verkar inn på elevane sin motivasjon for å lære. Eit belastande eller stressande skulemiljø aukar faktor som verkar inn på elevane sin motivasjon for å lære. Mobbing, faglege vanskar, negative forhold til lærarar og manglande støtte frå elevar og vaksne gir auka risiko for skulefråvær og psykiske helseplager.

Fråfall i vidaregåande skule. Meir enn ein fjerdedel av elevane i Hå fullfører ikkje vidaregåande skule. Tala kan skjule sosiale forskjellar. Blant elevar frå familiar med lågt utdanningsnivå er delen som fell frå høgare enn blant elevar frå familiar med høgt utdanningsnivå. Fråfall reduserer moglegheitene på arbeidsmarknaden, og aukar risikoen for uføretrygd, dårlegare levekår og redusert helse.

Helsevanar

Dårlege helsevanar i befolkninga, særleg når det gjeld fysisk aktivitetsnivå og røyking, kan bidra til ei betydeleg forverring etter kvart som befolkninga blir eldre.

Fysisk aktivitet kan bidra til å førebyggje fleire av dei viktigaste helseutfordringane vi har. Infrastruktur som gjer kvardagsmosjon enkelt og gir lett tilgang til tuområde, kan bidra til å bøte på denne situasjonen og dermed gi betre livskvalitet og helse i befolkninga.

Samtidig er det ein større del røykjarar i Rogaland enn i landet elles, og nedgangen i talet på røykjarar har begynt å flate ut. Ein kombinasjon av fleire røykjarar og mindre fysisk aktivitet vil bidra til fleire helseproblem dersom denne tendensen fortsetter mens befolkninga blir eldre.

Psykkiske lidningar

Mange unge slit psykisk og har utfordringar knytt til oppvekstforhold og psykisk helse. For eksempel ser vi at ein av fem ungdommar i Rogaland er ganske eller mykje plaga av einsemd. Tal på nasjonalt nivå peiker mot at einsemd er mest utbredt blant pensjonistar og ungdom og unge vaksne, og vi har ingen grunn til å tru at forholda er annleis i Hå.

Gode sosiale møteplassar kan bidra til å redusere desse problema. Dette er særleg viktig i ein situasjon kor stadig fleire bur aleine og dermed står i fare for å bruke mykje tid i ufrivillig einsemd. Dette kan vere særleg viktig i tider med økonomisk nedgang og aukande arbeidsløyse, då ein større del av befolkninga enn elles vil få problem med tilgang til fritidsaktivitetar og møteplassar.

4.3.5 Kyrkja og andre livssynsamfunn

Kommunen har etter kyrkjelova ansvar for kyrkja sin økonomi. Andre trus- og livssynssamfunn får støtte frå kommunen i same storleik for kvart registrerte medlem. Dette saman med direkte statleg støtte og eigne inntekter, gir grunnlag for verksemda i desse organisasjonane.

Kyrkja i Hå har ansvar for kyrkjebygga og gravplassane. Dette er og lagt til grunn ved revidering av tenesteytingsavtalen mellom kyrkja og kommunen, og i det arbeidet som nå pågår der kyrkjelege eigedommar får dei respektive sokna i Hå som registrerte eigarar.

I kommuneplanlegginga må det setjast av nok areal til nye gravplassar. Det er i gjeldande plan sett av areal til evt. ny kyrkje i Stokkalandsmarka. Det er nå sanert eldre graver på gravplassane og det blir laga detaljplanar som nyttar kapasiteten betre på eksisterande gravplassar. Det er derfor ikkje behov for nytt areal til gravplassar i planperioden.

På Nærbø er kyrkjegarden som heilheit for alle trus- og livssynsamfunn og for dei som ikkje er medlemmar i noko trus- eller livssynsamfunn.

Det blir satt av eit felt med alternativ himmelretning på gravene. I tillegg blir der satt av fleire felt for urner, både som eigne urnefelt og urnelund.

4.3.6 Kommunen som organisasjon

Arbeidsgjevarpolitikk

I eit samfunn og arbeidsliv i endring har vi i samarbeid med dei tillitsvalde sett behov for å ha ein overordna arbeidsgjevarpolitikk for Hå kommune. KS har utarbeida gode verktøy for utarbeiding av arbeidsgjevarpolitikk – og om det å vere «skodd for framtida».

Eigarstrategi/eigarmeldingar

Hå kommune har eigarinteresser i nokre interkommunale selskap. Dei største av desse er Lyse og Ivar. Vedtekne eigarstrategiar er rammer og retningslinjer for kommunen sitt eigarskap i selskapa. Eigarstrategien seier noko om kva eigar vil med sitt eigarskap i selskapet, kvifor kommunen vil vere eigar, kva føremålet med selskapet er, kva det skal drive med osb. For dei interkommunale selskapa vert forslag til slike strategiar utarbeidd av ei interkommunal saksbehandlargruppe.

IKT

IKT er eit verkemiddel som saman med organisasjonsutvikling medverkar til å realisere kommunens mål. Gjennom bruk av IKT kan kommunen gjere tenestane meir tilgjengelege for innbyggjarane, næringsliv og organisasjonar og samtidig medverke til effektivisering av verksemda. Satsinga på digitale løysingar (digitalt førsteval) skal bidra til at både tilsette, elevar, innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar blir fullverdig deltaking i det digitale informasjons- og kunnskapssamfunnet.



5. Nasjonale forventningar til kommunane

Etter plan- og bygningsloven § 6-1 skal regjeringa kvart fjerde år utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem.

Dei nasjonale forventningane legg til grunn følgjande:

5.1 Gode og effektive planprosessar

Regjeringa forventar at planforslag og avgjerder skal basere seg på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag og ivareta nasjonale og viktige regionale interesser. Tidleg medverknad og involvering av publikum (eller allmenta), myndigheiter, partar og interesseorganisasjonar må verte sikra. Det vert vidare lagt vekt på at regionalt planforum må bli styrka som arena for tidleg avklaring av interesser og konflikter i plansaker. Innvendingar bør bare bli fremja når dialog ikkje har nådd fram og det er nødvendig å sikre viktige nasjonale og regionale interesser. Det vert vidare forventa at det vert lagt til rette for enkel tilgang til digitalt planregister og bruk av verktøy for digital plandialog.

5.2 Berekraftig areal- og samfunnsutvikling

Regjeringa forventar at reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering må bli vektlagt gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustadar, infrastruktur og tenester. Klimaendringar, risiko og sårbarheit må tas omsyn til gjennom samfunns- og arealplanlegging og byggesaksbehandling. Viktige verdiar som naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, må bli identifisert og ivaretatt i regionale planar.

Det vert vidare forventa at det vert lagt til rette for betre tilgang på kompetent og relevant arbeidskraft som møter behova i den regionale arbeidsmarknadens. Planlegging av dette bør skje i partnerskap med utdannings-, arbeidsmarknads- og næringslivsaktørane, og på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Det vert forventa etablering av samarbeid om planlegging for verdiskaping, berekraftig næringsutvikling og innovasjon i partnerskap med næringslivet, regionale og lokale aktørar. Jordbruksjord må bli sikra og det må leggjast til rette for nye og grønne næringar. Å sørge for tilstrekkeleg areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystzoneplanlegginga blir påpeikt, i tillegg til forventningar om at det må sikrast tilgjenge til gode mineralførekomstar for mogleg utvinning, avpassa miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

5.3 Attraktive og klimavennlige by- og tettstadsområde

Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane fastsett regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekka i transportsystemet, med knutepunkt for kollektivtrafikken. Det må bli lagt til rette for variert og tilstrekkeleg bustadbygging og det må sikrast høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt, med tilrettelegging for auka sykling og gange. Fylkeskommunane og kommunane må bidra i arbeidet med konseptvalutgreingar og statlege planar for store samferdselstiltak. Vidare vert det lagt til grunn at transportveksten

skal takast med kollektivtransport, sykling og gange og at planlegginga følgjer aktivt opp bymiljøavtalar og byutviklingsavtalar med staten.

Det vert forventa at kommunane har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikk for å skape eit godt og levande bymiljø. Kommunen legg til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplassar i sentrum. Kommunane skal sikre trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining. Kommunane må vidare ta vare på naturverdiane og legge til rette for fysisk aktivitet og trivsel for heile befolkninga ved å sikre samanhengande grønne strukturar, opne vassvegar og nær tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og friluftsliv. Kommunen må legge prinsippa om tilgjenge og universell utforming til grunn i planlegginga av omgjevnader og bygging.

6. Regional planstrategi

I forslag til regional planstrategi for Rogaland 2017-2020 beskrivas samfunnsmessige utfordringar, regionale utviklingstrekk og ein anbefalt utviklingsretning med forslag til visjon og mål for fylkeskommunens verksemd. Strategien beskriver vidare kva for planer som skal revideras og eller utviklas i perioden, samt kva for områder som særleg vil bli prioritert og følgt opp gjennom planfaglig vegledning og regionalt utviklingarbeid.

I regionalplanstrategi for Rogaland 2017-2020 er det vurdert følgjande planbehov for neste periode:

Overordna fylkesstrategi

Oppdatering av Regionalplan Jæren

Revisjon av Regionalplan for areal og transport i Dalane

Samferdselsstrategi

Strategi for bioøkonomi

Revisjon av gjeldene strategi for internasjonalt arbeid

I tillegg vert det føreslege utarbeiding av en ny regionalplan for klimatilpassing (foreslått i fylkesutvalet 13. oktober 2015). Hå kommune har gitt sin støtte til fylkeskommunen si vurdering av planbehov, jf. F-sak 003/16.

7. Nabokommunar

Plan- og bygningslova føreset at det blir innhenta synspunkt frå nabokommune når planstrategien skal utarbeidast. I desember 2015 arrangerte fylkeskommunen ein konferanse med planstrategi som tema. Utkast il regional planstrategi blei presentert i tillegg til nasjonale forventningar til regional- og lokalplanlegging. Kommunane blei også invitert til å dele erfaringar med gode planstrategiprosesser og blei utfordra på korleis fylkeskommunen kunne bidra i dette arbeidet.

I etterkant av den regionale konferansen bli nabokommunane i sør invitert til Sandnes for å diskutera kommande planstrategiarbeid. Saman med kommunane Gjesdal, Klepp, Time og Sandnes blei det gjort opp status i arbeidet og diskutert felles utfordringar. Fordi kommunane var kome ulikt i strategiarbeidet var det vanskeleg å lande eit tydeleg felles planbehov som kunne beskrivast i ny planstrategi. ROS og beredskapsområdet blei samtidig peika på som eit felt med behov for tett samarbeid over kommunegrensene. Det vil derfor vere aktuelt å ta nærmare kontakt når overordna ROS-dokumenter skal reviderast. Kommunane delte i dette nyttige erfaringar så langt. Høringsforslaget til regional planstrategi for Rogaland 2017-2020 blei også diskutert.

Nabokommunar og statlige og regionale aktørar blir varsla og gitt anledning til å gje uttale.



8. Vurdering

8.1 Folkevekst og kommuneplanens arealdel

I den kommuneplanen som vart vedtatt i desember 2014 for perioden fram til 2028 vart det gjort mange avklåringar som det var blitt arbeidd med over ei årrekke: Satsinga på fortetting i stasjonsbyane, fastlegging av langsiktig grense mot landbruk i eit 40-års perspektiv, satsinga på utbygging i Stokkalandsmarka og traseavklåring for nye hovudveggar på Nærbø, Vigrestad og Stokkalandsmarka/Brusand. Planen seier at kommunen skal legge til rette for bygging av 166 nye bustadar årleg og med ein årleg folkevekst på ca. 2,1 % eller 437 personar.

Bustadbygginga og folkeveksten vart i 2015 vesentleg lågare enn føresetnadane i kommuneplanen.

Nå har det også tidlegare år vore vesentlege variasjonar i bustadbygging og folkevekst. Mens det i 2015 vart godkjent 90 nye bustadar, var talet i 2011 på 111 bustadar og i 2012 324. Fram til utgangen av april i 2016 er det godkjent 61 bustadar, noko som kan tyde på at talet på godkjente bustadar kan bli høgare i 2016 enn i 2015. Det er likevel slik at nedgangen denne gong er kombinert med ein generell nedgang i heile regionen knyta særleg til nedgang i oljerelatert verksemd. Dette kan peika mot at nedgangen denne gongen blir meir langvarig enn tidlegare årlege variasjonar.

Usikkerheiten om utviklinga dei næraste åra er likevel stor. Dei ulike prognosemodellane for utviklinga i folketalet fram mot 2028, illustrerer denne usikkerheiten. Mens kommuneplanen legg til grunn at folketalet i 2028 kan bli 24 660, viser det mest pessimistiske alternativet at innbyggjartalet ved slutten av kommuneplanperioden kan bli 20 511, dvs. ca. 4 000 personar færre enn kommuneplanen. Dette siste alternativet bygger på at like mange flyttar ut av kommunen som inn til kommunen og at folkeveksten framkjem av fødselsoverskotet åleine.

Sjølv om bustadbygging og folkevekst det siste året, er vesentleg lågare enn føresetnadane i kommuneplanen, utgjer denne utviklinga eit for spinkelt grunnlag til gjere vesentlege endringar i kommuneplanen. Det at ein i sterke vekstperiodar har hatt år med mindre vekst, talar også mot å gjere vesentlege endringar basert på siste års utvikling.

Bustadbygginga og folkeveksten vart i 2015 vesentleg lågare enn føresetnadane i kommuneplanen.

Med grunnlag i ei høg vekstrate og eit langsiktig perspektiv, er den nye kommuneplanen godt eigna til å fange opp både korte og meir langsiktige variasjonar. Ei lågare vekstrate vil medføre at tilgjengeleg utbyggingsareal vil vare lenger fram i tid. Planen er godt eigna til å kunne tilpassast vesentlege variasjonar i utbyggingstakt og vekst.

For stasjonsbyane Nærbø, Varhaug og Vigrestad er situasjonen den at utbygginga i alt vesentleg skjer i privat regi og også i større og større grad i form av fortettingsprosjekt. Her

vil kommuneplanen, og etter kvart sentrumsplanane, gje kommunen gode styringsreiskap for utbygginga.

For Stokklandsamarka er situasjonen noko annleis. Her har kommunen kjøpt eller har opsjon på kjøp av ca 600 da utbyggingsareal. Kommuneplanen seier at det skal tilretteleggast for bygging av 54 bustadar i året. Til nå er det bare selt 3 einebustadtomter i det nye feltet med 32 tomter som vart klargjort i 2015. Forventa inntekter ved sal av tomter har med det svikta vesenleg i forhold til det som er lagt til grunn i økonomiplanen for 2016 – 2019.

Spørsmålet om denne endra veksten i 2015 er uttrykk for ein kortvarig variasjon eller ein meir langsiktig endring, er endå uklårt. I alle høve er endringa endå for kortvarig til å foreta vesentlege endringar i kommuneplanen.

Utviklinga kan på den andre sida heller ikkje i vesentleg grad kan påverkast gjennom endring av kommuneplanen. Det er også vanskeleg å sjå korleis ei endring av kommuneplanen på det nåverande tidspunkt kan utgjere eit forbetra styringsverktøy for kommunen. Det er etter dette førebels ikkje vesentlege moment som talar for at kommuneplanen bør reviderast i inneverande kommunestyreperiode.

8.1.1 Utbyggingsplan

Situasjonen kan truleg best handterast og styrast gjennom utarbeiding av ein *Utbyggingsplan*. Ein slik utbyggingsplan kan utformast som eit strategisk styringsdokument for gjennomføring av den konkrete utbyggingspolitikken f. eks. i ein kommunestyreperiode. Gjennom ein utbyggingsplan kan ein vurdere vidare investeringar og utbygging opp mot marknadsutviklinga og eit forventa justert tomtosal. Ein slik utbyggingsplan kan vere ein bindelekk mellom kommuneplanen og komande økonomiplanar. Strategi for kjøp av utbyggingsareal, opparbeiding av byggefelt og andre kommunaltekniske anlegg samt utbygging av andre kommunale tenestar vil vere ein del av ein slik plan. Det same vil ein strategi for ei aktiv marknadsføring og sal av tomter og utbyggingsareal vere.

8.1.2 Omkøyringsvegar Varhaug og Vigrestad

Ny omkøyringsveg for Varhaug (Buevegen) og vidareføring av omkøyringsvegen rundt Vigrestad er viktige vegprosjekt for vidare utvikling og utbygging av dei to tettstadane. Det er likevel slik at behov og traseval treng ei grundig fagleg vurdering før trasear kan innarbeidast i kommuneplanen. For begge tettstadene vil dei nye vegtraseane delvis måtte bryte med langsiktig grense mellom utbyggingsareala og landbruksområda.

Arbeidet med desse vegløyisingane bør derfor starte med ein fagleg transport- og trafikkanalyse vidareført i ei detaljert vurdering og samanlikning av ulike traseval. Desse utgreiingane kan deretter danne grunnlag for drøfting med statlege og fylkeskommunale instansar før innteikning på kommuneplankartet. Erfaringsmessig vil slike planprosessar måtta gå over noko tid, m.a. for å få ein god og konstruktiv prosess i høve til fylkeskommunale og statlege fagorgan som har sterke interesser i desse problemstillingane.

Oppstart av sjølv kommunearbeidet bør avvente dette utgreiingsarbeidet. Framgangsmåten tilsvarar den utgreiingsprosessen som vart gjennomført for hovudvegnettet i området Vigrestad – Stokklandsamarka – Brusand og som gjekk over fleire år.

8.1.3 Andre store samferdselsprosjekt

Det pågår for tida tre store planarbeid innafor samferdselsektoren kor kommunen i ulik grad er involvert og som vil få stor verknad for kommunen:

- Utbyggingspakke Jæren
- Dobbelspor på Jærbanen Sandnes – Nærbø
- NTP 2018 – 2029

8.1.4 Utbyggingspakke Jæren

Arbeidet med Utbyggingspakke Jæren pågår i regi av Rogaland fylkeskommune med sikte på politisk behandling i løpet av sommar og haust 2016. For Hå kommune bygger den direkte på siste kommuneplan med prioritering av fv 133 Brusand – Stokkalandsmarka, fv 504 Buevegen og utbygging av ein samanhengande gang- og sykkelveg langs fv 44, som dei viktigaste prosjekta.

8.1.5 Dobbelspor på Jærbanen Sandnes – Nærbø

Utbygging av dobbelspor på Jærbanen ligg som ein sentral føresetnad for den nye kommuneplanen. Sterk fortetting i stasjonsbyane og utbygginga i Stokkalandsmarka med flytting av Brusand stasjon, er viktige føresetnadar for gjennomføring av denne politikken. Ei avklaring av arealbruk og stasjonsutforming er og svært viktig for å få til ei god utvikling av sentrumsområda i tettstadane. Det er ved framlegg av utkast til NTP 2018 – 2029 frå Jernbaneverket stilt tvil om framdrift i planarbeidet og gjennomføring av prosjektet. Med bakgrunn i planutkastet for NTP, vil ei bygging av dobbelspor tidlegast kunne starte i 2029 – 2030. Dette kan bli dramatisk for gjennomføring av dei utbyggingsprinsippa kommuneplanen byger på. Om ikkje prioriteringa vert endra, må det vurderast om kommuneplanens utbyggingsstrategi skal endrast.

8.1.6 NTP 2018 – 2029

Utanom dobbelsporet inneheld NTP 2018 – 2029 forslag om å bygge ny firefelts E39 mellom Sandnes og Kristiansand. Planarbeidet pågår med sikte på godkjenning av kommunedelplan sommar/haust 2017. E39 mot sør- og austlandet er viktig særleg for den store næringsmiddelindustrien i kommunen. Ut over det ser det førebels ikkje ut til at prosjektet vil få vesentleg innverknad på arealutviklinga i Hå kommune. Ei av vurderingskorridorane vil eventuelt kome innom Hå heilt aust i kommunen.

Oppsummert er gjennomføring av alle dei store samferdselsprosjekta viktige for gjennomføring av den utbyggingsstrategien kommuneplanen legg opp til. Både utbygging av dobbelsporet og gjennomføring av ny veg inn til Stokkalandsmarka og opprusting av Buevegen er sentrale element i kommuneplanen. Slik situasjonen er i dag, må det leggst til grunn at gjennomføring av desse tiltaka blir som tidlegare skissert av fylkeskommunale og statlege instansar. Det er likevel ikkje gjort endeleg vedtak i nokon av prosjekta. Om prosjekta blir gjennomført i samsvar med tidlegare lovnadar og framdriftsplanar, vil det ikkje vere behov for omarbeiding av kommuneplanen. Skulle derimot eit eller fleire av prosjekta verta vesentleg utsett eller skrinlagt, må spørsmålet om endring av kommuneplanen vurderast på nytt. Resultatet av desse planprosessane vil først vere kjent om eitt til to år.

8.1.7 Kommuneplanens føresegner

Den nye kommuneplanen inneheld eit omfattande regelverk (føresegner) med nye reglar om fortetting, leike- og opphaldsareal, parkering, bygging i LNF-områda m.m. Planen inneheld også ein tabell for utnytting av dei ulike næringsområda, dvs. kva type industri som kan tillatast innafor kvart område. Det er i fleire samanhengar stilt spørsmål ved forståing og tolking av dette regelverket. Føresegnene bør derfor etter ei tid evaluerast for å sjå om det trengs justeringar eller presiseringar som gjer dei betre forståelege eller som ryddar av vegen unødvendige misforståingar. Det bør likevel gå litt meir tid slik at ein kan hauste noko meir erfaring med praktiseringa før slik evaluering blir gjennomført.

8.1.8 Heilskapleg ROS-analyse

Både ekstremnedbør med flaumen i august 2014 og øvingar på andre krise- og kriseliknande situasjonar har vist at det er behov for ei oppdatering av den heilskaplege ROS-analysen for kommunen.

8.2 Klima- og energi

Kommunestyret vedtok i 2010 ein eigen Klima- og energiplan. Det blei føretatt ein statusgjennomgang av planen i 2012. Med den ratifiserte Klimaavtalen (Paris-avtalen) og pågåande konkretisering av nye klimamål på nasjonalt plan, er tida nå inne til ein grundig gjennomgang og oppdatering av den kommunale Klima- og energiplanen.

8.3 Dei enkelte tenesteområda

8.3.1 Tenesteområdet teknisk saker og næring

Landbruk

Hå kommune har ikkje ein landbruksplan i dag. Ein slik plan kan utformast som ein sektorplan til kommuneplanen. Planen kan ha nytteverdi på fleire ulike måtar. Planen kan bidra til auka aktivitet og nye tiltak innan landbruksnæringa. Den vil også kunne vere eit forvaltingsverktøy for kommunen som landbruksmyndigheit og eit sektorbidrag til kommuneplanen. Det vil i løpet av perioden bli utarbeida ein landbruksplan i tett samarbeid med landbruksnæringa.

Brannvern

Utgreiinga av den framtidige organiseringa og dimensjoneringa av brannvernet vil bli lagt fram til politisk behandling med forslag til ny *Brannordning* for Hå kommune.

Vassforsyning, avløp og overvatn

Administrasjonen er i gang med å utarbeide eit revidert utkast til *Hovudplan for vatn, vassmiljø og avløp*. Ein slik plan vil bli utforma som eit overordna og styrande dokument innan vassforsyning, avløp og vassmiljø. Planen vil bli basert på føringane gitt i kommuneplanen, men har eit lengre perspektiv (50 år). Dokumentet vil også innehalde ei prioritert liste over tiltak i dei kommande åra. Konklusjonane frå rapporten om overvass- og flaumsituasjonen utarbeida av dr. Øverland kor det blir skissert tiltak for å handtere ein 200 års flaum, vil bli innarbeida i hovudplanen.

8.3.2 Tenesteområdet opplæring- og kultur

Barnehage- og skulebygg

Folketalsframskrivingane viser ein til dels vesentleg reduksjon i talet på barnehagebarn og barn i skulepliktig alder alt etter kva prognosealternativ som blir lagt til grunn. Dette er forhold som kan få direkte innverknad på behovet for utbygging av barnehagar og skulebygg. Arbeidet med å oppdatere både *Skulebruksplan* og *Barnehagebruksplan* er allereie påbegynt og reviderte planforslag vil bli lagt fram til behandling hausten 2016. Framover bør Skulebruksplanen oppdaterast kvart fjerde år, mens Barnehagebruksplanen bør reviderast annakvart år.

Ved utarbeidinga av desse planane må ein vurdere om og kva konsekvensar ei muleg endra folketalsutvikling, skal få.

Kvalitetsplan for barnehagane

Planen *Kvalitetsplan for barnehagane* er ferdigstilt. Planen skal evaluerast i 2018.

Kvalitetsplan for skulane

Det bør i løpet av 2016 – 2017 utarbeidast ein plan: *Kvalitetsplan for skulane*.

Kulturminnevernplan

Arbeidet med revisjon av gjeldande *Kulturminnevernplan* er starta opp og eit revidert planforslag vil bli lagt fram til behandling hausten 2016.

8.3.3 Tenesteområdet helse og sosial

Helse- og sosialbygg

Alle dei nye prognosealternativa viser ein ikkje uvesentleg reduksjon i talet på personar over 90 år samanlikna med kommuneplanens føresetnader. Plan for bygg innan tenesteområdet for helse- og sosialsaker bør utarbeidast etter nokolunde same mal som Barnehage- og Skulebruksplan. Planen kan gi grunnlag for prioriteringar i økonomiplanen og fungera som grunnlag for avgjerder om:

- Utbygging og lokalisering av bygg for helse- og sosialtenestene i kommunen.
- Utvikling av bygningane og uteområda til ei moderne og fleksibel drift.
- Opplegg for eit systematisk vedlikehald.

Det bør gjennomførast ein overordna tilstandsanalyse av dei eldre bygga på lik line med det som er blitt gjort for barnehage- og skulebruksplanane. ENØK-prosjektet med energimerking av dei største kommunale bygga og kartlegging av mulige tiltak som kan gje energiinnsparingar må inngå i dette arbeide.

Plan for frivillig arbeid

For å finne ut på kva måte den frivillige sektoren kan komplementera kommunens tenester, bør det utarbeidast ein plan for frivillig arbeid i kommunen. Ein slik plan bør utarbeidast som ein del av folkehelseplanen og vil omfatte fleire av kommunens tenestoområde.

Folkehelse

Folkehelseproblematikken inngår i ei rekke fagområde kor det for mange av fagområda vart godkjent fagplanar så seint som i 2015. I denne perioden vil det derfor bare vere behov for rulling av den overordna folkehelseplanen.

8.3.4 Kommunen som organisasjon

Arbeidsgjevarstrategi

Ein heilskapleg arbeidsgjevarstrategi vil vere eit felles verdigrunnlag som synleggjer forholdet mellom tenestebehov og kompetanse, legg til rette for innovasjon og nyskapning, og bidrar til eit godt omdømme. Arbeidet må basere seg på kommunens eksisterande strategiar for lønnspolitikk, kompetanseutvikling, velferdsordningar, rekruttering, organisasjons- og leiingsutvikling, inkluderande arbeidsliv og verdibase. Utarbeiding av ein tydeleg arbeidsgjevarstrategi må skje i samarbeid med det tilsette sine organisasjonar.

Eigarstrategi/eigarmeldingar

Hå kommune har nå, saman med dei andre eigarane, vedtekne eigarstrategiar for Lyse, Ivar og Rogaland Revisjon. Det er i gang arbeid med eigarstrategiar for dei kommunale føretaka, i første omgang Jæren Everk. Også for Jæren Industripartner bør utforming av eigarstrategi bli vurdert.

Ei eigarmelding er ein status for kommunen sitt eigarskap i selskap kommunen eig eller er medeigar i. Det vil bli tatt opp praksis med å legge fram slike meldingar også i Hå.

IKT-strategi

Det er behov for å revidere gjeldande IKT-strategi. Utarbeiding av ein slik ny IKT-strategi skal sikre at organisasjonen dreg saman i rett retning når det gjeld IKT, sikre ein effektiv bruk av tilgjengelege ressursar og styre både menneskelege og økonomiske ressursar på rett måte for å nå oppsette mål på ein best muleg måte.

8.4 Oppfølging av nasjonale og regionale forventningar

8.4.1 Gode og effektive planprosessar

Hå kommune har fokus på gode og effektive planprosessar og søker medverking og involvering av publikum, myndigheiter, partar og interesseorganisasjonar. Kommunen har gjort seg fleire gode erfaringar i samband med kommuneplanprosessen. Det har særleg vore stort oppmøte og breitt engasjement rundt kommunens opplegg for å halde opne møter og gje innbyggjarane moglegheit for å kome med høyringsmerknad. Hå kommune har aktivt brukt planforum som arena for tidleg avklaring av interesser og konflikhtar.

Kommunen har lagt til rette for digitale høyringar. I samband med to saker, endring av skulekrinsgrenser på Nærbø og nedlegging av Vigre skule, fekk dei som ønska moglegheit til

å kome med høyringsinnspel gjennom ei spesiell internettløysing. Løysinga losa brukaren gjennom saka punkt for punkt og ein kunne kommentere enkeltavsnitt eller heile saka. Heile innspelet vart så lagt rett inn i sak/arkivsystemet for vidare behandling. Dette var ei effektiv og enkel løysing som har fått gode tilbakemeldingar.

I utkast til planprogram for kommunedelplan for Nærbø sentrum, som vart behandla av kommuneplanutvalet den 26.04.2016, er det lagt opp til at «Gjestebodsmodellen» skal nyttast for samarbeid og medverknad med næringsdrivande, grunneigarar, bebuarar og andre under arbeidet med planen. Slike samhandlingsmodellar vil vere arbeids- og tidskrevjande, men eit av siktemåla er å gje innbyggjarar og næringsdrivande eit eigarforhold til planen som styrker planen som styringsreiskap.

Kommunen er i ferd med å klargjere eit digitalt planregister slik plan- og bygningslova krev. Arbeidet med innføring av ei løysing med digital plandialog er starta opp.

8.4.2 Berekraftig areal- og samfunnsutvikling

Berekraftig forvaltning av areal- og naturressursar er eit mål i kommuneplanen.

Den valde utbyggingsstrategien, med fastlegging av langsiktige og snevre grenser mot omkringliggjande landbruksareal, kombinert med sterk fortetting og arealeffektivisering rundt jernbanestasjonane er eit viktig verkemiddel for å få mest mogeleg av persontransporten over på kollektive transportformer med tilsvarande reduksjon i personbilbruken. Satsinga på utbygging i Stokkalandsmarka kombinert med flytting av Brusand stasjon nordover, er ein del av same strategien.

I klima- og energiplanen fokuserer Hå kommune på si rolle som samfunnsutviklar i forhold til dei utfordringane som klimabiletet framover viser.

Klima- og energiplanen fokuserer på tiltak for å effektivisere energiforbruket og redusere klimagassutslepp knyta til kommunal verksemd. I kommuneplanperioden er det fleire store kommunale byggeprosjekt som skal realiserast, der energiklasse og val av energiløysingar vil legge premissar for framtidig effektiv drift.

Det vert òg arbeidd med energieffektivisering i kommunen. I samband med rehabilitering av rådhuset på Varhaug har ENOVA løyvt eit tilskot på 359 000 kroner til kommunen. Stønaden blir gitt på grunn av kommunen sitt val av energiløysingar (bruk av varmepumpe). Tilsvarande har kommunen fått eit ENOVA-tilskot på 810 000 kroner til utskifting av gamle gatelyslampar med nye energisparande armatur. Dette har allereie resultert i merkbar reduksjon i energiforbruket til gatelysa i kommunen.

I økonomiplanen er det satt av 4 millionar kroner til enøk-tiltak. Eigedomsavdelinga er i gang med å kartlegge kommunale bygg som kan være aktuelle for slike tiltak. Arbeidet vil bli et samarbeid med Enova, noko som kan utløyse ytterlegare støttetiltak og bidra til meir energivennlege kommunale bygg.

Hå kommune som ein av dei største landbrukskommunane i landet, driv ein aktiv næringspolitikk, med spesiell vekt på landbruk og næringsmiddelindustri. Kommunen har satsa sterkt på Kviamarka som eit regionalt område for næringsmiddelindustri og med særleg fokus på enegieffektive og klimavenlege løysingar.

Hå kommunestyre vedtok den 12.05.2016 i sak 27/16 å inngå partnerskapsavtale med Greater Stavanger AS som er ein næringsutviklingsorganisasjon for kommunane og fylkeskommunen i regionen.

8.4.3 Attraktive og klimavennlige by- og tettstadsområde

Kommuneplanen bygger på den areal- og utbyggingsstrategien som er nedfelt i Regionalplan for Jæren.

Kommuneplanen bygger på ein langsiktig arealstrategi med langsiktig grense mellom tettstad og landbruk. Langsiktig grense mot landbruket vil vere ei av dei viktigaste rammene for å styre arealbruken framover.

Det er lagt til grunn at fortettings- og transformasjonsdelen skal vere høg samtidig som kommunen sitt bustadprogram tar sikte på at ein større del av veksten skal skje i Stokkalandsmarka. Bustadbygginga skal skje gjennom fortetting, transformasjon og høg arealutnytting innanfor langsiktig tettstadsgrense mot landbruket. Det skal i fortettinga leggjast sterk vekt på å oppnå gode bumiljø, i form av trafikktrygge løysingar, tilgang til fri- og leikeareal og estetisk gode løysingar.

Til grunn for dette er det lagt at ein vesentleg del trafikkauken skal skje gjennom utbygging og bruk av Jærbanen. Lokalt er det lagt vekt på utforming av eit vegnett som kan leie trafikken ut på eit overordna vegnett utanom tettstadene. Ei vidareføring av dobbeltsporet og flytting av jernbanestoppet på Brusand kan bidra til å løyse bustad- og transportbehovet i kommunen, samtidig som det kan bidra til langsiktig vern av prioriterte landbruks-, natur- og kulturvernområde.

Gjennom utarbeiding av kommunedelplanar for sentrumsområda i stasjonsbyane vil denne utbyggingsstrategien bli styrka og vidareutvikla.

8.5 Regionale føringar

I utkast til regional planstrategi er det skissert at det er behov for revisjon av Regionalplan for Jæren.

Kommuneplanen for Hå kommune har tatt utgangspunkt i gjeldande regionalplan. Ein må legge til grunn at dei viktigaste føringane i dagens regionalplan vil bli ført vidare etter ein slik revisjon. Det kan likevel vere grunn til å sjå på element i også denne planen og vurdere om dei utgjer gode styringsreiskap. Frå drøftingane omkring kommuneplanen vart det, sett frå Hå kommune si side, påpeika eit behov for m.a. å mjuke opp krava til leike- og opphaldsareal.

Det er likevel nå for tidleg å ha konkret oppfatning om kva konsekvensar ein slik revisjon av regionalplanen vil ha for Hå.

9. Planstrategi 2016-2019

9.1 Kommuneplan

Kommuneplanen vart vedtatt i desember 2014 og har bare vore gjeldande i ca. halvtanna år. Det er derfor i dag avgrensa erfaring med planen som styringsreiskap.

I tida etter godkjenninga er det lagt ein vesentleg innsats i å implementera visjonen **Me løftar i lag** saman med verdiane **open, driftig og stolt** i organisasjonen. Sjølv om ein kan sjå forbettringspotensiale når det gjeld utforminga av samfunnsdelen, er det likevel ikkje slik at utviklinga har gjort innhaldet uaktuelt. Bustadbygging og folketalsutviklinga har rett nok vore vesentleg lågare enn det kommuneplanen legg til grunn. Arealdelen er likevel slik utforma at variasjonar både på kort og lenger sikt ikkje utan vidare gir behov for justering av planen. Arealdelen er dessutan vurdert og utforma i eit 40-års perspektiv med god fleksibilitet for tilpassing til ulike vekstalternativ.

Det er etter dette ikkje tilstrekkeleg erfaring med gjeldande plan eller nye forhold som tilseier at gjeldande kommuneplan for perioden 2014 – 2028, vedtatt i desember 2014, skal reviderast i denne kommunestyreperioden.

I første omgang bør det utarbeidast ein *Utbyggingsplan* som kan vere ein bindelekk mellom kommuneplanen og dei årlege økonomiplanane. Utbyggingsplanen kan innehalde strategiske tiltak tilpassa meir kortsiktige variasjonar i bustad- og næringsutbygging og variasjonar i folkeveksten frå år til år. I tillegg bør det gjennomførast fleire utgreiingar og planarbeid som kan danne grunnlag for ein revisjon av kommuneplanen ved starten av neste kommunestyreperiode.



Følgjande planarbeid blir prioritert i inneverande kommunestyreperiode:

- Kommunedelplan for Nærbø sentrum.
- Kommunedelplan for Varhaug sentrum.
- Utbyggingsplan for bustad- og næringsareala i kommunen.
- Omkøyringsveg Varhaug. Trafikk- og transportanalyse.
- Omkøyringsveg Vigrestad. Trafikk- og transportanalyse.
- Evaluering av føresegnene til kommuneplanen.

9.2 Andre temaplanar

Tilpassing av tenestenivået og investeringsbehovet til varierende folkevekst, kan best skje gjennom utarbeiding og behandling av tema- og sektorplanar. Som del av planarbeidet må det då gjerast konkrete vurderingar om for eksempel det er grunnlag for justere forventa folketalsutvikling og tilpasse teneste- og investeringsnivå til dette.

I perioden bør følgjande nye planar utarbeidast:

- Strategi for kvalitet i skulane
- Plan for helse- og sosialbygg
- Frivillig arbeid
- Landbruksplan
- Eigarskapstrategi for kommunale føretak
- Arbeidsgjevarstrategi

I tillegg bør følgjande eksisterande planar reviderast:

Klima- og energiplan

- Barnehagebruksplan
- Skulebruksplan
- Kulturminnevernplan
- Folkehelseplan, generell del
- Ny brannordning
- Hovudplan for vatn, vassmiljø og avløp
- Heilskapleg ROS-analyse

9.3 Reguleringsplanar

Utarbeiding og behandling av reguleringsplanar må skje i samsvar med vedtatt prioritering av tiltak, først og fremst slik desse blir prioritert i dei årlege økonomiplanane. Elles vil mange reguleringsforslag kome frå private. For slike planar fastlegg plan- og bygningslova m.a. faste tidsfristar for behandling i kommunen.

Særleg kravet om arkeologiske undersøkingar har gjort at mange planprosessar har tatt lang tid. Siktemålet må likevel vere å få ei god og smidig planbehandling slik at ikkje planprosessen blir ein forseinkande faktor i gjennomføring av prioriterte tiltak.

9.4 Tabelloversikt planar med prioritering

Vurdering	Plan	Sak/dato	Type	Kommentar
Reviderast neste periode 2019-2023	Kommuneplan for Hå kommune 2014-2028.	Ksak 073/14	Overordna	
	Følgjande større underlagsdokument til kommande revisjon vil blir prioritert denne perioden:			
	• Omkøyringsveg Varhaug, trafikk- og transportanalyse			
	• Omkøyringsveg Vigrestad, trafikk- og transportanalyse			
	• Evaluering av føresegnene til kommuneplanen			
Ny	Plan for frivillig arbeid		Temaplan	Inngår i folkehelseplan
	Plan for helse- og sosialbygg			
	Arbeidsgjevarstrategi			
	Landbruksplan			
	Utbyggingsplan			
	Kvalitetsplan for skulane			
	Eigarstrategi/eigarmelding			
	Kommunedelplan Varhaug sentrum		K.delplan	
Under revisjon	Kulturminnevernplan 2005-2016	K-sak 001/05	Temaplan	Under revisjon
	Skolebruksplan 2013-2016	K-sak 078/12	Temaplan	Under revisjon
	Barnehagebruksplan 2016-2019	K-sak 108/15	Temaplan	Under revisjon
	Kvalitetsplan for barnehagene		Temaplan	Under utarbeiding
	Overordnet beredskapsplan	K-sak 02/13	Overordna	Under revisjon
	Hovedplan for vann, vannmiljø og avløp		Temaplan	Under utarbeiding
	Plan for turvegnett		Temaplan	Under utarbeiding
	Kommunedelplan Nærbø sentrum		K.delplan	Under utarbeiding
	IKT-Strategi		Temaplan	Under revisjon
Behov for revisjon	Klima- og energiplan, klimagassutslipp og handlingsplan for Hå kommune 2010-2020	K-sak 006/11	Temaplan	
	Folkehelseplan 2015-2019	K-sak 053/15	Overordna folkehelse	
	Plan for helsestasjonstjenestene 2012-2016	K-sak 081/12	Temaplan	Inngår i folkehelseplan
	Boligsosial handlingsplan 2013-2017	K-sak 050/13	Temaplan	Inngår i folkehelseplan
	Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2013-2017	K-sak 57/13	Temaplan	Inngår i folkehelseplan
	Plan mot vold i nære relasjoner	K-sak 12/15	Temaplan	Inngår i folkehelseplan
	Plan mot barnefattigdom	K-sak 15/15	Temaplan	Inngår i folkehelseplan
	Plan for Friskliv, Læring og mestring	K-sak 054/15	Temaplan	Inngår i folkehelseplan
	Avfallsplan 1995 - 1999	K-sak 63/95	Temaplan	
	Brannordning for Hå kommune	K-sak 87/98	Temaplan	
Reviderast årleg	Økonomiplan 2016-2019	K-sak 125/15	Overordna	Utarbeidast årleg
	Handlingsplan, Ordinære nærmiljøanlegg 2016-2019	K-sak 125/15	Temaplan	Årleg innspel til økonomiplan
	Handlingsplan, Kulturbygg 2016-2019	K-sak 125/15	Temaplan	Årleg innspel til økonomiplan
	Handlingsplan, Ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2016-2019	K-sak 125/15	Temaplan	Årleg innspel til økonomiplan
	Trafikksikkerhetsplan	K-sak 125/15	Temaplan	Årleg innspel til økonomiplan
Ikkje behov for revisjon	Omsorgsplan 2015-2019	UHS 041/13	Overordna omsorg	
	Eldreplan	K-sak 070/14	Temaplan	Inngår i omsorgsplan
	Plan for ressurskrevende brukere	K-sak 14/15	Temaplan	Inngår i omsorgsplan
	Rusvernplan	K-sak 16/15	Temaplan	Inngår i omsorgsplan
	Psykatriplan	K-sak 055/15	Temaplan	Inngår i omsorgsplan
	Plan for medisinsk rehabilitering	K-sak 13/15	Temaplan	Inngår i omsorgsplan
	Kommunedelplan for anlegg og område for idrett, friluftsliv og kulturbygg 2004-2012	K-sak 021/04	Temaplan	Handlingsdel reviderast årleg i samband med økonomiplan.
	Kommunedelplan Kvassheim - Sirevåg	K-sak 51/95	Kommunedelplan	
	Kommunedelplan Sirevåg - Eigersund	K-sak 69/04	Kommunedelplan	
Bør utgå	Kommuneplan leik-, grøntanlegg og friområde i bustadområde	K-sak 001/99	Temaplan	Inngår i kommuneplan og rapport om grønstruktur

Vedlegg 1. Alternative prognosar

Alternative prognosar for folketalsutviklinga i Hå kommune fram til 2028 samanlikna med Kommuneplan 2014-2028 (alternativ 0).

Alternativ 1.

Alternativ 1 ter utgangspunkt i Statistisk sentralbyrå sitt hovudalternativ for framskriving av folkemengd av juni 2016. Framskrivinga gjer ein gjennomsnittleg vekst på om lag 1,5 prosent eller 298 personar i året. Innbyggjartal per 31. desember 2028 er 22 702.

31.des	Alternativ 0: MMMM (KP 2014-2028) 2028	Alternativ 1: MMMM (2016) 2028	Differanse
0 år	352	311	-41
1-2 år	708	630	-78
3-5 år	1 067	974	-93
6-12 år	2 406	2 234	-172
13-15 år	966	926	-40
16-19 år	1 341	1 235	-106
20-44 år	8 519	7 749	-770
45-66 år	6 107	5 515	-592
67-79 år	2 218	2 207	-11
80-89 år	841	802	-39
90+ år	136	119	-17
Totalsum	24 660	22 702	-1 958

Alternativ 1. MMMM (2016) gir 1958 færre innbyggjarar i 2028 enn for kommuneplanen.

Alternativ 2.

Alternativ 2. tek utgangspunkt i MMMM (2016), men med føresetnad om lågare bustadbygging fram til 2020. Framskrivinga gjer ein gjennomsnittleg vekst på om lag 1 prosent eller 171 personar i året. Innbyggjartal per 31. desember 2028 er 21 428.

31.des	Alternativ 0: MMMM (KP 2014-2028) 2028	Alternativ 2: Reduser bustadbygging 2028	Differanse
0 år	352	289	-63
1-2 år	708	581	-127
3-5 år	1 067	891	-176
6-12 år	2 406	2 057	-349
13-15 år	966	872	-94
16-19 år	1 341	1 185	-156
20-44 år	8 519	7 217	-1 302
45-66 år	6 107	5 252	-855
67-79 år	2 218	2 167	-51
80-89 år	841	797	-44
90+ år	136	120	-16
Totalsum	24 660	21 428	-3 232

Alternativ 1. Redusert bustadbygging gir 3232 færre innbyggjarar i 2028 enn for kommuneplanen.

Alternativ 3.

Alternativ 3 legg til grunn ei auke i folketalet som er lik naturleg tilvekst. Vidare føreset framskrivinga at netto inn- eller utflytting frå kommunen går i null. Framskrivninga gjer ein gjennomsnittleg vekst på om lag 0,7 prosent eller 142 personar i året. Innbyggjartal per 31. desember 2028 er 20 511.

31.des	Alternativ 0: MMMM (KP 2014-2028) 2028	Alternativ 3. Naturleg vekst (nettoflytting 0) 2028	Differanse
0 år	352	258	-94
1-2 år	708	523	-185
3-5 år	1 067	813	-254
6-12 år	2 406	1 958	-448
13-15 år	966	853	-113
16-19 år	1 341	1 173	-168
20-44 år	8 519	6 704	-1 815
45-66 år	6 107	5 172	-935
67-79 år	2 218	2 137	-81
80-89 år	841	801	-40
90+ år	136	119	-17
Totalsum	24 660	20 511	-4 149

Skulle ein få ein folkevekst i kommunen i samsvar med «naturleg» vekst, vil endringa i utviklinga i kommunen bli vesentleg ulik det som er lagt til grunn i kommuneplanen. Folketalet i 2028 vil bli ca. 20 511, noko som er over 4 000 færre enn det kommuneplanen bygger på.

